



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandler: Kjartan Lied

Klikk her for å skrive inn
tekst.**Melding om vedtak**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår ref.:
2016000262- 7

Dykkar ref.:

Arkiv:
K1 - 002, K3 - &23

Dato:
24.06.2016

Kommunereforma endeleg vedtak om ny kommunestruktur

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

22.06.2016 KOMMUNESTYRET 059/16

1. Stranda kommune seier nei til samanslåing med Sykkylven kommune.

Vedtak med 12 røyster

2. Stranda kommune har i kommunestrukturprosessen vore positive til forhandlingar med andre kommunar, utan at slike forhandlingar har ført fram. Stranda kommune er open for nye forhandlingar med ei eller fleire kommunar i framtida.

Vedtak samrøystes

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Kjartan Lied
Ass.rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikke signatur.

24.06.2016	Kommunereforma 2014 - 2016	194204
24.06.2016	KOM-sak 34/16	194004
24.06.2016	Bakgrunnsinformasjon	194005
24.06.2016	Kommentrarar	194006

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
FORMANNSKAPET	20.06.2016	061/16
KOMMUNESTYRET	22.06.2016	059/16

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole

Saksbehandlar: Kjartan Lied

Arkiv: K1 - 002, K3 - &23

Arkivsaknr 16/262

Kommunereforma endeleg vedtak om ny kommunetruktur

Rådmannen si tilråding:

Stranda kommune skal framleis halde fram som eiga kommune.

20.06.2016 FORMANNSKAPET

Møtebehandling

Ann Kristin Langeland ugild i 061/16

Tilråding til kommunestyret samrøystes:

FOR- 061/16 Vedtak:

Stranda kommune skal framleis halde fram som eiga kommune.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Framlegg under møtet:

Framlegg frå Høgre v/Svein Erik Rimstad

Alternativ punkt:

Stranda kommune er open for nye forhandlingar med ei eller fleire nabokommunar med tanke på samanslåingar.

Framlegget fekk 6 røyster

Framlegg frå FrP v/Frank Sve:

1. Stranda kommune seier nei til samanslåing med Sykkylven kommune.

Framlegget fekk 12 røyster

2. Stranda kommune har i kommunestrukturprosessen vore positive til forhandlingar med andre kommunar, utan at slike forhandlingar har ført fram. Stranda kommune er open for nye forhandlingar med ei eller fleire kommunar i framtida.

Samrøystes**Rådmannen sitt framlegg fekk 5 røyster****Møtebehandling**

Ann Kristin Langeland ugild i sak 059/16

Vedtak:**KOM- 059/16 Vedtak:**

1. Stranda kommune seier nei til samanslåing med Sykkylven kommune.

Vedtak med 12 røyster

2. Stranda kommune har i kommunestrukturprosessen vore positive til forhandlingar med andre kommunar, utan at slike forhandlingar har ført fram. Stranda kommune er open for nye forhandlingar med ei eller fleire kommunar i framtida.

Vedtak samrøystes**SAKSUTGREIING****Bakgrunn for saka****Syner vedtak KOM sak 35/ 16**

1. Stranda kommune godkjenner intensjonsavtalen mellom Stranda kommune og Sykkylven kommune.

2. Det skal gjennomførast informasjonsmøte i alle bygdelaga om høyringa, og alternativa som ligg i høyringa.

Stranda kommune gjennomfører høring der alle innbyggjarane og dei som fyller 16 år innan utgangen av 2016, får tilsendt spørjeskjema og gitt mogleheit til å delta.

Det vert etablert ei nettløysing for enklast mogleg svar, samtidig som det vert opna for retur av papirskjema for dei som ynskjer det.

3. Alder og kjønn

Ønska alternativ for framtidig kommuneorganisering:

1. Stranda-Sykkylven
2. Halde fram som eigen kommune

Saksopplysningar

På bakgrunn av kommunestyrevedtaket den 27 april 2016, vart det det sett i gong arbeid med å utgreie ei folkehøyring.

Stranda kommune ved administrasjonen, valte å bruke Betre Kommune (KS) til å legge til rette for folkehøyringa.

I brevet som var utsendt frå kommunen til alle innbyggjarane over 16 år, låg der ved informasjonsbrosjyre, informasjonsbrev samt eit skjema for innbyggjarhøyringa.

I informasjonsbrevet vart det oppmoda om at folk brukte nettløysinga for å svare på undersøkinga.

Skjema som var nytta hadde eit eingongspassord til kvar einskild person. (Sjå skjema vedlagt) Registreringsperioden for innbyggjarhøyringa : 30.05.2016 – 05.06.2016.

I høyringa vart det sendt ut 3761 planlagte svar.

Etter at fristen hadde gått ut, kom det inn 1451 svar (sjå vedlegg svarfordeling)

Ut i frå svarskjema var det 665 kvinner og 691 menn som hadde stemt d.v.s 95 personar hadde ikkje kryssa for kjønn.

På registreringa for alder kom det inn 1441 stemmer. D.v.s. at 10 personar ikkje hadde kryssa for alder.

På spørsmålet om framtidig kommuneorganisering kom det inn 1372 svar. D.v.s at 79 personar stemte blankt.

På kommentarfeltet kom det totalt inn 17 A4 sider med kommentarar frå innbyggjarane. (sjå vedlegg)

Vurdering:

Reformprosessen har vore ein politisk prosess der rådmannen har søkt å legge til rette for at kommunestyret skal ha eit best mogleg grunnlag når endeleg vedtak skal gjerast.

Alternativa har endra seg under vegs. Indre Storfjord-alternativet omfatta fire kommunar, men enda opp med at berre Stranda og Sykkylven forhandla fram ein intensjonsavtale.

Stranda kommunen skal produsere best mogleg tenester til innbyggjarane i Stranda også i åra som

kjem. Som ansvarleg for tenesteproduksjonen konstaterer rådmannen at faglege samarbeid og tilgang

på spisskompetanse utover det ein har i eigen kommune er knytt utover til bykommunen. Der er det

fleire større fagmiljø og tilgang på kompetanse ein ofte ikkje har i mindre kommunar.

Kommunane har seinare år fått fleire og meir komplekse oppgåver. Denne trenden er varsle vidareført, mellom anna i oppgåvemeldinga.

1.juni 2016 sendte regjeringa forslag til nye oppgåver til større kommunar på høyring.

Høyringa omfattar

oppgåver varsle i oppgåvemeldinga. Her vert det også peika på nye oppgåver som er del av eigne

prosessar, t.d. innanfor NAV, basishjelpe midlar, pleiepengar, hjelpestønad og omsorgsløn, oppgåve- og

finansieringsansvar i barnevernet, tannhelseteneste, med meir.

I dag deltek Stranda kommune i fleire faglege nettverk og kompetansehevande tiltak innanfor både oppvekst

helse og omsorg i regi av Sunnmøre regionråd.

Som tenesteprodusent er, og vil kommunen vere avhengig av eit regionalt nettverk. Med tanke på

kompetanse og utvikling ligg fordelane for Stranda kommune i ei større kommuneeining. Skal

Stranda kommune halde fram som eigen kommune må ein forutsette eit styrka regionalt samarbeid om ein skal vere rusta til å løyse framtidige utfordringar.

I intensjonsavtalen ligg det ei målsetting om å redusere interkommunale samarbeid.

Stranda og Sykkylven kommune vil truleg ikkje kunne erstatte dagens interkommunale samarbeid på

eiga hand. Det er stor fare for at denne kommunen også vil slite med rekruttering av nødvendig

kapasitet og kompetanse, til liks med kva Sykkylven og Stranda gjer kvar for seg i dag. Denne kommunen vil derfor også vere avhengig av eit styrka interkommunalt samarbeid.

I reforma har omgrepene kvardagsregion vore brukt som eit viktig grunnlag for å forme ein ny kommunestruktur. Kvardagsregionen for Stranda kommune er utan tvil først og fremst retta utover mot

Sykkylven og Ålesund, men og til Norddal kommune. Det vil likevel vere eit spørsmål om denne regiontilknytinga er så sterk at det i framtida vil vere naturleg med ei samanslåing. Ved samanslåingar må ein formelt gjere endringar i ein del interkommunale selskap, ein del samarbeidsavtalar må reforhandlast osv. Slik situasjonen ser ut i dag vil det framleis vere behov for

samarbeid over kommunegrensene. Dersom Ålesund kommune skulle ønske å avslutte interkommunalt

samarbeid, vil det gi betydelege utfordringar for mange kommunar.

Endringsgrad kan bli påverka av vidare forhandlingar mellom kommunar, av fylkesmannen si tilråding

som kjem til hausten, og blir avgjort av Stortinget i 2017.

Kommunane skal gjere sine vedtak innan utgangen av juni. Det betyr at ein ikkje kan vente på andre før

ein gjer sitt eige vedtak. Kommunestyret må derfor gjere vedtak for Stranda kommune den 22.juni ut frå den

kunnskap og informasjon som ligg føre.

Innsamla kunnskap frå innbyggjarane gjennom prosessen og no sist i innbyggjarhøyringa gir viktig

kunnskap om folkemeininga. Kommunestyret må vurdere innhald og kvalitet på denne kunnskapen. Låg

deltaking på høyringa kan skuldast mange ulike tilhøve; for lite eller dårlig informasjon, for mange

spørsmål som ikkje kan svarast på, uklare konsekvensar, generelt litra interesse. Uansett er det denne

kunnskapen vi no har, og som må brukast.

Kommunestyret vert oppmoda til å bruke innbyggjarhøyringa saman med andre utarbeida rapportar,

spørreundersøkingar, mm. etter beste skjøn for å kome fram til det resultatet ein meiner er til det beste for

innbyggjarane i Stranda kommune i eit langsiktig tidsperspektiv.

Fylkesmannen har gjennom prosessen sagt at kommunar som vedtek å halde fram åleine må vedta eit

alternativ 2. Dette for å kunne påverke resultatet dersom åleine ikkje vert godtatt i slutthandsaminga i

Stortinget sommaren 2017.

Fylkesmannen skal på eige, fritt grunnlag gi si tilråding i løpet av hausten. I kva grad Fylkesmannen då

vil legge vekt på eit eventuelt alternativ 2 er ikkje kjent i skrivande stund.

Vedtak i reformsaka vil få økonomiske konsekvensar.

Vedtak før fristen 1.juli sikrar tilgang på dei økonomiske verkemidla i reforma. Ein registrerer at

kommunar som ynskjer samanslåing, men ikkje er komne i mål med prosessen, har fått utsett fristen

noko, utan at dei særlege tilskotsordningane fell bort. Kommunen må i så fall kontakte fylkesmannen

Kommunar som slår seg saman beheld dagens basistilskot som om dei var dagens kommunar i 15 år.

I tillegg får kommunar som slår seg saman eingongstilskott alt etter kor mange innbyggjarar og

kommunar samanslåinga omfattar.

Stranda og Sykkylven kommune vil motta 25 mill i reformstøtte og behalde 2 basistilskott i 15 år.

Stranda kommune åleine vil etter forslag til nytt inntektssystem, tape rundt 3.7 mill pr år i endra basistilskot.

Reformprosessen har ein langsiktig tidshorisont 30 år minst. I ein så lang tidshorisont er det vanskeleg å

legge avgjerande vekt på dei konkrete følgjene av framlegg til nytt inntektssystem. Mange endringar kan

skje i løpet av dei neste 30 åra.

Økonomisk sett er det slik sett svært uklart kva følgjer dei ulike alternativa vil få over tid.

Konkrete fordelar med samanslåing er bevaring av basistilskot i 15 år og eingongstilskot til samanslåingsprosessen.

Ei kort vurdering av inkomne svar:

Stranda kommune er no inne i sluttfasen i høve å gjere endeleg vedtak om ny kommunestruktur.

Gjennomføringa av folkehøyringa er avslutta, der 39% av dei stemmeføre over 16 år har stemt over kva som vil gagne best for Stranda kommune i åra som kjem.

Folkehøyringa gir eit klart svar, der 65,6 % ønskjer at Stranda kommune skal halde fram som i dag samt 34,4% meiner at ei samanslåing med Sykkylven vil vere til det beste for Stranda kommune.

I folkehøyringa vart det og opna for å kome med tankar omkring kommunereforma.

I kommentarane kom det klare signal på at innbyggjarane sakna fleire alternativ.

Syner til vedtak kommunestyret KOM – 118/15 vart det gjort følgjande vedtak

1. Stranda kommune går ikkje vidare i arbeidet med ei storkommune på Nordre Sunnmøre, det same gjeldande Stryn og Hornindal.

2. Stranda kommune går inn i samtalar gjennom forhandlingsmøte med Sykkylven kommune

3. Stranda kommune går inn i samtalar gjennom felles formannskapsmøte med Norddal kommune

4. Stranda kommune utgreier nullalternativet.

I kommentarane kjem det fram mellom anna klare signal på at dersom ein ikkje skal stå åleine bør ein slå seg saman med kommunane Stryn, Horningdal, Volda. Stryn kommune har i tidlegare samtalar vore interesserte å få med seg Stranda kommune.

Andre meiner det vil vere klokast å ta med seg Norddal og Stordal i eit indre alternativ.

Så langt har Norddal kommune ikkje vore interessert å gå inn samtalar med Stranda

kommune. Fleire ytra at Stranda kommune er ei god og velfungerande kommune, og innbyggjarane i kommunen vår vil ikkje få det betre med ei samaslåing med Sykkylven. Ei samaslåing vil redusere tenestene, og folketalet vil gå nedover. Ved å behalde mange kommunar vil lokaldemokratiet fungere betre.

Nokre innbyggjara tykkjer at mykje i kommunereforma er uklar, og at spørsmålet kring regionane burde vore avklara før ein sete i gong ei kommunereforma.

Dei mange innspela som har kome fram i denne høyringa syner at folk har nytta kommentarfeltet. Stranda kommune er ei vidstrakt kommune, og kommentarane syner at innbyggjarane er oppteken av gode tenester nær der ein bur. Den syner og at geografiske tilhøve er avgjerande for kven ein ønskjer å samarbeide med.

Resultatet av folkehøyringa syner at innbyggjarane framleis vil at Stranda kommune skal halde fram som i dag.

Vedlegg:

Dok.dato:

17.06.2016
14.06.2016
14.06.2016
14.06.2016
17.06.2016

Vedlegg:

Kommunereforma 2014 - 2016
KOM-sak 34/16
Bakgrunnsinformasjon
Kommentrarar
Brosjyre kommunereforma

Dok.ID

194204
194004
194005
194006
194205